



**VOLDA KOMMUNE**  
Samordnings- og utviklingsstaben  
6100 VOLDA

Høyringsinstansar og partar  
jf. vedlagde adresseliste

VOLDA, 12.06.2006

Vår ref  
PH-06/01131

Løpenr.  
004679/06

Arkivkode  
L12

Dykkar ref.

**TORGET I VOLDA SENTRUM, ENDRING AV REGULERINGSPLAN  
VARSEL OM PLANOPPSTART**

Eg viser til vedtak i Det Faste Planutvalet i møte den 22.05.06 i sak 0027/06, der det vart gjort slikt vedtak:

*Med grunnlag i K-sak 00018/06 den 2.03.2006, vert det sett i gang reguleringsarbeid for del av Volda sentrum, "Volda Sentrum – Torget", slik det framgår av situasjonskart datert 15.05.2006, med sikte på å sikre planmessig grunnlag for gjennomføring av torgplanane i Volda sentrum.*

Planområdet dekkjer arealet mellom Sjøgata (rv651) og Halkjellsgata -, avgrensa frå Storgata i vest og til aust om "Det Grøne treet".

I planutforminga tek ein utgangspunkt i skisseframlegg for "Volda sentrum-Torget"- slik dette vart presentert for Volda kommunestyre i sak 0018/06, den 2.03.2006.

Eg viser her til kopi av DFP-sak 0027/06 med vedlegg som ligg ved saka , og som gir bakgrunnsinformasjon knytt til den planprosess som no vert starta opp.


Dokumenta i regulerings sakene er lagt ut offentleg ettersyn ved servicekontoret og folkebiblioteket i rådhuset, og er tilgjengeleg på kommunen si heimeside, [www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

Varsel om planoppstart er i samsvar med PBL § 27-1 nr. 1 kunngjort ved lysing i Møre den 12.06.06, og vert sendt dykk som høyringsinstans/part som varsel om høve til innspel til planprosessen.

Innspel til planprosessen skal merkast med arkivnr. 06/01131 og sendast til Volda kommune, Samordning og utviklingsstaben, Stormyra 2, 6100 Volda. Eller på e-post til : [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Frist for innspel er sett til 31.juli 2006.

Har De spørsmål til planane ta gjerne kontakt med planseksjonen i kommunen, telef. 70058717.

Med helsing  
Volda kommune, Samordnings- og utviklingsstaben  
Planseksjonen  
  
Per Helme  
planleggar

Vedlegg:

1. DFP-sak 0027/06 med vedlegg

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Telefon:  
70 05 87 17  
(dir.innval til saksh.)

Telefaks:  
70 05 87 01 Volda kommune

E-post:  
[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Org. nr. 939 760 946  
Postgiro skatt 7855.05.15198  
Bankgiro 3991.07.81727

Gateadresse:  
Stormyra 2